

Pressemelding, 25.april 2014

Rekordhøg søking til høgare utdanning

Samordna opptak har etter søknadsfristen i april 2014 registrert omkring 119 900 søkjarar til høgare grunnutdanning. Dette er omlag 2750 fleire søkjarar enn i 2013, det vil seie ein auke på 2,35 %.

- Det er rekordhøge søkjartal, og den store interessa for høgare utdanning held fram. Dei fire siste åra har søkinga auka år for år, seier Bente Ringlund Bunæs, dagleg leiar i Samordna opptak.

Utdanningsområder og -typar

Av utdanningsområde og -typar med omkring 1000 studieplassar eller meir, er auken størst for 5-årig integrert lærarutdanning (+16 %). Av andre utdanningstypar innan *lærer* har grunnskulelærarutdanning 1-7 ein auke på 3 %, medan grunnskulelærarutdanning 5-10 går ned med det same. Barnehagelærarutdanninga har ei auke på 5 % samanlikna med året i fjor.

Innanfor teknologiske fag har ingeniørutdanning auka med 8 %, og integrert master i teknologiske fag går opp med 5 %.

Søkinga til realfag (+12 %) har eit solid oppsving. Det same har informasjonsteknologi (+ 9 %).

Sjukepleiarutdanning (+11 %) har fortsatt god søking. Av helsefag er òg sosionom (+ 8 %) blant utdanningstypane med størst auke.

Pedagogiske fag og mediefag (begge - 8 %) har størst nedgang i søkinga.

Meir informasjon

Fleire søkjartal og tal frå tidlegare års opptak finst på Samordna opptaks statistiksider:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall

Vidare plan for offentleggjering av søkjartal finst i Samordna opptaks informasjonsplan:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html

Kontakt

Lærestadene:

www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/index.html

Samordna opptak: 22 84 18 25/ 22 84 18 04/22 84 18 00 eller postmottak@samordnaopptak.no